



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Ingjerd Haugen
Postboks 75
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4795 - 15/2204

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
02.02.2015

Utvida mellombels bruksløyve - gbnr 108/364 Lindås - tilbygg

Tiltakshavar: Magnar Nesse, 5955 Lindås

Ansvarleg søkjar: Atle D. Utkilen, 5953 Fønnes

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 99.

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid.

Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.06.2009. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

«Resten av tiltaket», soverom, bad og vaskerom.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.05.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.01.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 99, nr. 2 og 3.

Skildring

Adresse:	Lindås
Bygningstiltak:	Tilbygg einebustad. Bruksløyvet gjeld garasjen.
Bygningsnummer:	9876952-1
Bruksareal:	93m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg einebustad på gnr. 108, bnr. 364 på følgjande vilkår:

Ferdigattest skal liggje føre innan 31.05.2015.



Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Tilbygget må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2	Pbl § 99	Gebyr
10.2.8	Mellombels bruksløyve	Kr. 2.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magnar Nesse Søre Stølen 10A 5955 LINDÅS

Mottakarar:

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen Postboks 75 5953 FONNES